



ktet til Marine Harvest med landbasert resirkulering i Steinsvik. Denne smolten var den største i anlegget då vi



KONTROLLROMMET: Frå dette rommet har teamleiar Erik Salveson full oversikt over området med kar der fisken står. Han kommuniserer med kollegaene ute i produksjonshallen gjennom radiosamband.



TRANSPORTETAPPE: Fisken blir pumpa frå tank til tank i vekstprosessen gjennom slike røyrsystem.



NORDFJORDINGAR: Teamleiar Erik Salveson (t.v.) frå Eid og driftsleiar Dharma Rajeswaran frå Bryggja er sentrale personar på anlegget i Steinsvik.

i heimdistriktet

vest har eit hus her som eg ofte overnattar i når eg er på jobb. Det er nærmast jobbing heile døgnet når eg er i Steinsvik. Når eg har vakt, har eg 15 minutt responstid, så då må eg vere her, fortel han.

Elles pendlar han heim til Eid og guterommet hjå foreldra.

Kjærasten frå Ålfoten studerer i Oslo, så han har også ein base i hovudstaden.

– Eg bur i bilen, ler han.

Lidenskapleg fiskeinteressert

Salveson var ein svært talentfull fotballspelar, og drog til Trondheim for å spele på farmarlaget til Rosenborg, Ranheim, etter vidaregåande. Laget kjempa i toppen av 2.-divisjon dei sesongane han spelte der, og rykte opp til nest øvste nivå siste året. Men då hadde skader sett ein stoppar for utviklinga på bana. Men ikkje på skulebenken. Trondheimsopphaldet enda med ein mastergrad i marinbiologi ved NTNU.

– Det var eigentleg ganske tilfeldig at det vart marinbiologi. Ingen av kameratane mine har gått denne utdanningsvegen. Eg har alltid vore lidenskapleg oppteken av fisk. Har fiska mykje i fjorden og i fjellvatn. Og bestefaren min i Nederland har alltid teke meg med på fiske der.

Arbeidsoppgåvene handlar om å ta vare

på fisken frå egga er klekt ut i klekkeriet, gjennom vaksinerer, og i dei ulike vekstfasane kalla påvekst 1, 2 og 3. Sidan vatnet skal resirkulerast må ein passe godt på at karbondioksid i vatnet blir fjerna, elles døyrr fisken. Varmen i vatnet er også ein faktor som påverkar veksten og som må kontrollerast.

Framtidsnæring

Laksenæringa er omtalt som «det vi skal leve av etter oljen». Det er venta ei femdobling i næringa. Norsk laks blir selt til heile verda, og Marine Harvest er den største aktøren av alle. Men laksenæringa er også omstridd og får kritikk for alt frå ureining til laksesjukdomar. Salveson meiner kritikken er basert på utdatert informasjon.

– Næringa har eit problem med lus, men dette blir det no brukt så store ressursar på at det vil bli løyst. Vi blir meir og meir miljøvennleg. Her på anlegget samlar vi opp slam i sekkar og sender til gjenvinning. Det er eit miljøvennleg anlegg. Eg trur også det er stort potensiale for oppdrett av andre fiskeslag som kveite og torsk, denne utviklinga har vi ikkje sett enno.



GODE NATURGJEVNE FØRESETNADER: Rikeleg tilgang til ferskvatn kombinert med tilgang til fjorden gjer at Marine Harvest har satsa 230 millionar kroner på dette anlegget i bygda Steinsvik med 50 innbyggjarar.